Stabil flytting til Kvinnherad

17.09.2014

Statistikken viser at det er ein relativt stabil flyttestrøm til Kvinnherad. 340 melde flytting til kommunen hit i siste' halvdel av 2013 og første halvdel av 2014. 60 av dei kom frå Bergen og 70 frå utlandet. I 2012 kom det 413 og i 2013 353.

23.september klokka 17 vert det arrangert samling som nummer 5 i rekkja for dei som har flytta hit det siste året. Også i år er samlinga i festsalen i Kulturhuset på Husnes.

Kvinnherad Næringsservice og kommunen er saman om å invitera tilflyttarane og andre i husstanden som har flytta med dei.

Invitasjonen omfattar dei som har flytta hit i siste halvdelen av 2013 og fyrste halvdelen av 2014 og det vert presentasjon av eit utval fritidsaktiviteter.

Både kommunen og Harding fristar med tilflyttarprisar på 10 000 kroner. til dei som har flytta hit og som møter fram.
Blant dei som skal presentera seg er etablerar Peder Bakar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen